

Stemningsrapport frå Musica Sacra sommarkurs på Eidene, Tjøme 2024.

Etter å ha vore på Musica Sacra sine sommarkurs ein god del gonger allereie, både som barn, ungdom og no som vaksen kyrkjemusikar og småbarnsforelder, var det med gode forventningar eg tok turen til årets kurs på Eidene Røde Kors senter på Tjøme i lag med familien min. I år hadde me også lokka med oss gode vener som var der for aller første gong, noko som var ekstra stas! Det viste seg å vera fleire som deltok for første gong i år – og som før vart det gode dagar i lag!

Musica Sacra sine sommarkurs er så mykje, men for min del er kursa framfor alt det gode *felleskapet* rundt kyrkjemusikk og gudstenesteliv! Deltakarane er med og preger kurset, kvar på sin måte. Dette er ikkje eit stort, glattpolert og upersonleg kurs, men eit varmt og oversiktleg fellesskap på tvers av generasjonar og bakgrunn. Profesjonelle og amatørar syng og spelar i lag. Her er folk som kjem aleine på kurs og her er familiar med både små barn og ungdomar. Eg synes det er verdifullt å treffa kyrkjemusikerkolleger frå ulike delar av landet og dela erfaringar! Det er fint å delta på tidebøner i gregoriansk tradisjon. Når mange er kjent med praksisen allereie, vert desse tidebønene morgon, middag og kveld små perler av stille i løpet av kursdagane.

Ønsker ein det, kan ein fylla kursdagane med både korsong, orgelundervisning, instrumentensemble (i år strykarar, blokkfløytegruppe og messingblåsarar, og også «rytmesprell» for borna) og foredrag. I år var to kveldar via 100-årsjubilanten Egil Hovland; salmekveld i Tønsberg domkyrkje og foredrag seinare i veka, begge ved hymnolog Thröstur Erikson. Mange finn også i lag i ad hoc vokalgrupper som opptrer på kveldssamlinga «Husmus». Dette er ein fin arena for små og store med stor breidde i underhaldningsinnsлага. Ein kan også velja å ta det litt meir med ro på kurset og kombinera nokre av aktivitetane med turer i nærområdet, å ha tid til å lesa ei god bok, leika med andre og ha gode samtalar over ein kaffikopp. I år var det nok fleire som nytta høvet til å koma til Verdens Ende eller ta seg eit bad i sjøen.

Nytt repertoar kan ein også få med seg heim etter sommarkursa; I år var det eit matnyttig foredrag ved den lokale kantoren Kristin Vold. Ho fortalde om barnekorarbeidet i Nøtterøy kyrkje og lot oss få reflektera over korleis me vel repertoar for kora våre. I løpet av kurset jobba me også med eit nyskrive verk av Jo Coldicott Dalene for vaksenkor, barnekor, fløyte, strykarar og orgel. Verket tok utgangspunkt i to salmemelodiar av Egil Hovland og vart urframført i Nøtterøy kyrkje lørdag under leiing av domkantor i Nidaros Karen Haugom Olsen. Tradisjonen tru framførte me også ein Bach-kantate på kurset, i år nr. 99 «Was Gott tut, das ist wohl getan». Det gode fellesskapet viste igjen med barn, ungdomar og vaksne både i kor og orkester! Eg håper me treffes på Musica Sacra!

Ingrid Berg Tobiassen, Stavanger.